



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 15.05.2019

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

**Til:** Hovudutval for opplæring

### **Endeleg tilsynsrapport felles nasjonalt tilsyn 2018 - tema skulemiljø. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hafstad vidaregåande skule**

Fylkesmannen i Vestland gjennomførte vinteren 2019 tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tema skulemiljø.

Temaet *skulemiljø* inngår i det felles nasjonale tilsynet frå 2018 og er delt inn i tre delar:

1. Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Skulen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.
3. Skuleeigar sitt forsvarlege system på ovannemnde område.

I tilsynet med Sogn og Fjordane blei det gjennomført tilsyn med deltema ein og tre.

Under deltema blei følgjande kontrollert:

- Delar av skulen si aktivitetsplikt for å sikre at eleven har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4.
- Skuleeigar sitt forsvarlege system jf. Barnekonvensjonen artikkel 12, opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Fylkesdirektøren for opplæring og Hafstad vidaregåande skule fekk 22.02.19 førebels tilsynsrapport og svarte på denne 18.03.19.

Endeleg tilsynsrapport blei motteken 09.04.19 og synte brot på opplæringslova. Fylkesdirektøren for opplæring har frist 15.09.19 til å rette feil avdekka i tilsynet.

Fylkesdirektøren for opplæring skisserer i tabellen under delspørsmål der det er funne lovbro og tiltak som er sett i verk eller planlagd for å lukke tilsynet:

<b>Deltema 1: skulen si aktivitetsplikt for å sikre at eleven har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4.</b>		
<b>Delspørsmål</b>	<b>Fylkesmannen sine pålegg</b>	<b>Skulen sine tiltak</b>
<b>2. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen føljer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særsiktig sårbar?</b>	<p>Rektor må veda ein framgangsmåte òg følgje med på at den blir praktisert, for</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• å gje alle tilsette tilstrekkeleg kompetanse slik at dei kan kjenne igjen teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt</li> <li>• at tilsette skal kjenne til kva forhold som kan gjere ein elev særsiktig sårbar (t.d. sårbarheit knytt til elevens religion, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åferdsvanskar, eller forhold ved elevens familie, og</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanseheving for å sikre at alle tilsette kan identifisere kjenneteikn på elevar som er særsiktig sårbare. <ul style="list-style-type: none"> <li>o intern opplæring frå fagpersonar i rådgjevarteam; rådgivar for tilpassa opplæring, PPT og helsestøster</li> <li>o kompetanseheving radikalisering. Gjennomført av skuleeigar bruk av materiale/filmsnuttar frå</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>heimesituasjon) å legge til rette for at personalet har ei felles forståing av kva det vil seie å vere særskilt sårbar og på denne måten sette tilsette i stand til å følgje godt nok med på særskilt sårbare elevar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- UDIR om tema Gjennom felles refleksjon komme fram til ei felles forståing av kva det vil seie å vere særskilt sårbar. Utarbeide skriftleg informasjonsmateriell som ligg lett tilgjengeleg for alle tilsette. Ligg i samarbeidsverktøyet Teams.</li> </ul>
<b>4. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?</b>	<p>Rektor må fastsetje ein framgangsmåte for varsling:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• som sikrar at alle som jobbar på skulen alltid varslar rektor ved både mistanke og kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt</li> <li>• der det er klårgjort at eleven som hovudregel skal få melding om at saka blir varsla til rektor</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Presisere i skulen sin handlingsplan mot mobbing: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ at eleven som hovudregel skal varslast om at rektor blir orientert om saka</li> <li>○ varslingsrutinar i ulike saker</li> </ul> </li> </ul>
<b>5. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?</b>	<p>Rektor må fastsetje ein framgangsmåte for varsling:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• der det er gjort klart kva saker tilsette skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle i andre saker</li> </ul> <p>Rektor må sikre at framgangsmåten blir praktisert av alle tilsette på skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Presisering i handlingsplan mot mobbing: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ kva saker som krev straksvarsling (trivselsaker der enkeltelevar blir utsett for mobbing, trakassering eller utestenging)</li> <li>○ kva saker som ikkje krev varsling straks. Til dømes mindre konfliktsaker kontaktlærar løyser saman med elevane</li> </ul> </li> <li>- Rektor vil vere i dialog med fylkesmannen om utarbeidning av rutinar for korleis ein kan sikre at alle varslar.</li> </ul>
<b>7. Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka når rektor får varsel frå ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt?</b>	<p>Rektor må fastsetje framgangsmåte/prosedyre som sikrar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• at alle saker blir undersøkt grundig nok, for å finne ut av kva som ligg bak eleven si oppleveling, også der eleven ikkje ønskjer å uttale seg, eller gjøre sin eigen situasjon kjent for andre på skulen. T.d. ved bruk av verktøy som Spekter, Innblikk eller observasjon.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Praksis er at skulen i denne type saker: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ jobbar med klassemiljø/skulemiljø på eit breidt og generelt grunnlag. Kontaktlærar, gjerne i samarbeid med miljøkoordinator, tek klassemiljø opp i den enkelte klasse. Korleis opplever den enkelte klassemiljø, korleis vil vi ha det, korleis opptre mot kvarandre for at alle skal vere inkluderte og føle seg trygge i klassen/på skulen.</li> <li>○ Kontaktlærar/miljøkoordinator /rådgivarteam har samtaler med elevane for å kartlegge skulemiljøet deira.</li> </ul> </li> <li>- Utover dette skal skulen: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utarbeide presise retningslinjer og framgangsmåtar for undersøking i aktuelle</li> </ul> </li> </ul>

		<p>saker for å få presis informasjon om bakgrunn for at ein elev ikkje opplever miljøet som trygt og godt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ta i bruk verktøy (skriftlege spørjeundersøkingar) for å kartlegge klassemiljø/skulemiljø og få betre oversikt på grupperingar og utfordringar.</li> <li>○ Utarbeida skjema for slike skriftlege spørjeundersøkingar, som alternativ til å nytte ferdige verktøy som t.d. Spekter og Innblikk.</li> </ul>
<b>10. Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?</b>	<p>Rektor må sikre at det blir sett inn presise tiltak i alle saker, der det basert på informasjon etter ei brei og grundig undersøking av saka blir funne at ein elev ikkje opplever miljøet som trygt og godt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide presise retningslinjer og framgangsmåtar for undersøking i aktuelle saker for å få grundig informasjon om bakgrunn for at ein elev ikkje opplever miljøet som trygt og godt.</li> <li>- Utarbeide rutinar for korleis skulen brukar informasjonen frå undersøking til å sette i verk konkrete tiltak i enkeltsaker.</li> </ul>

#### **Deltema 2: Skuleeigars system – skulen si aktivitetsplikt**

<b>Delspørsmål</b>	<b>Fylkesmannen sine pålegg</b>	<b>Skuleeigar sine tiltak</b>
<b>1. Skaffar skuleeigar seg informasjon om: Korleis skulane oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje, og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø? Korleis skulane oppfyller plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar ved skulen krenkjer ein eller fleire elevar? Korleis skulane oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak? Korleis elevane opplever at skulane tek hand om aktivitetsplikta?</b>	Skaffe informasjon om korleis skulane oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjensla til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.	Fylkesdirektøren vil i dialog med Fylkesmannen vurdere korleis stikkprøver, rapportering og innsamling av aktivitetplanar kan gjennomførast og samstundes ta i vare ei skuleeigarrolle prega av tillit, dialog og utvikling.
<b>2. Brukar skuleeigaren denne informasjonen til å vurdere om skulane sitt arbeid er i samsvar med regelverke?</b>	Bruke informasjonen som er samla inn til å vurdere om skulen sitt arbeid er i samsvar med regelverket	Fylkesdirektøren vil arbeide vidare for å etablere rutinar for å evaluere kvar enkelt skule sine aktivitetplanar.
<b>3. Sørgjer skuleeigar for at skulane endrar praksis dersom det er nødvendig?</b>	Følgje opp at skulen innarbeider ny praksis dersom dette er nødvendig.	Fylkesdirektøren vil etablere eit system for å justere uønskt praksis dersom dette blir avdekkja.
<b>4. Er skuleeigar sitt system som heilheit forsvarleg</b>		Tiltak til delspørsmål 1,2 og 3 vil gje eit forsvarleg system.

**Vidare oppfølging av tilsynet:**

Fylkesdirektøren for opplæring vil fram mot fristen for retting av feil starte ein dialog med Hordaland fylkeskommune for å samordne og etablere felles rutinar for kontroll og opprette eit system for å avdekke og rette opp praksis som ikkje er i tråd med regelverket.

Fylkesdirektøren vil be Fylkesmannen om råd om korleis vi kan innrette dei nye rutinane slik at skuleeigarrolla framleis er prega av tillit, dialog og utvikling, heller enn kontroll og stikkprøver. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at Fylkesmannen har lovheimel til å pålegge stikkprøve og at vi difor er avhengige av ein dialog med Fylkesmannen om lovtolkinga deira.

Dei lokale kompetansehevingstiltaka ved Hafstad vidaregåande skule skal gjennomførast innan fristen for retting 15.september. Dei nye rutinane ved skulen skal vere gjeldande frå skulestart 2019/2020.

Fylkesdirektøren tek sikte på å ha dei nye rutinane klar til skulestart for skuleåret 2019/2020 og vil orientere hovudutvalet for opplæring 1.oktober.